

Hanna Paulsbergs triumf



Eit sprudlande album frå Hanna Paulsberg og bandet hennar.

FOTO: JOHANNES SELVAAG

Med sitt andre sterke album vil Hanna Paulsberg Concept nå eit endå større publikum.

Du høyrer det frå opninga på «Song For Josia», med bandet fire studentar i Trondheim starta i 2010 og kom som ein vind med «Waltz for Lilly», i ein «amerikansk» tradisjon men trygt på eigne bein. Tradisjonar er til for å bli fornya, og det verkar så lett og avslappa når bandet med Hanna Paulsberg (saksofon), Hans Hulbækmo (trommer), Oscar Grönberg (piano) og Trygve Waldemar Fiske (bass) opnar med låten «Frygia», etter ein stad du kan lure på kvar er. Skrivaren Paulsberg viser gjerne til både Wayne Shorter og Dexter Gordon, etter å ha blitt vekt som liten av plater med Stan Getz, og ho ville spele som han. Så kjem «Song For Josia» innspelt dagen etter heimkomst frå festivalen Madajazzcar, i hovudstaden med det lange namnet Antananarivo, der Paulsberg i fjor var invitert for å spele i landet som var norsk misjons utpost i Afrika. Det er eit album dedikert til ein gassisk trommeslagar, Josia, og alle dei andre Paulsberg møtte på ein sju dagars festival.

Om akkurat det pregar det nye albumet eller ikkje, så er det uansett meir sprell levande enn før, med bra låtar og solistar som endar opp i «Hemulen», låten som dansar av garde som med ein ung Sonny Rollins før Paulsberg var fødd, han som var den uttrykte favoritten til unge Coltrane! Og vi lyttar oss gjennom låtar tileigna «de ensomme», Josia, og elefanten på omslaget som i Heida Karine Jonsdottir Mobecks linoleumstrykk labbar av garde, blåsande ein song for Josia.


Hanna Paulsberg Concept har konsert 9. februar på Cafeteatret i Oslo.

GITARANE SJU

Albumet «Fosfor» er sjette utgjeving av gitarist Håkon Storm i hans namn. Og det er andre gong han går solo etter det praktfulle albumet «Zinober» i 2012, der han som no stilte med sju slag gitarar i studio. Gjort greie for på CD-coveret for alle som let seg fascinere av dei ibuande eigenskapane til instrumentet, som like lett kan gjere stor lukke som stor skade i elles festleg lag. Storm har mykje musikk på hjartet, på plate også i bandet Winter-Storm som han leier saman med bassist Thomas Winther-Andersen busett i Nederland, som bestilt til bandnamn. Eller med storband som på «Matzukaze» i 2006 etter debuten «Canned Second» i 2004. Av yrke høgskule-underviser han også i musikk, og det er berre å senke seg ned i gitarbadet (!) og late seg omslutte av strengeleik



Hanna Paulsberg Concept
«Song for Josia»
Øra Fonogram
(GoodToGo)



Håkon Storm
«Fosfor»
Norcd (Musikkoperatørene)



Eleni Karaindrou
«Medea»
ECM (Musikkoperatørene)

med og utan elektrisk straum gjennom, og som det står «utfordrer gitarens klangmuligheter». Klisjear er virus i musikkens språk, men høyr, der kjem «My One And Only Love», spelt på ein Ramirez med nylonstrenger! Udøyeleg!

Håkon Storm har sleppkonsert på Kulturhuset, Oslo, 12. februar.

GRESK DRAMA

Når ECM gir ut den greske komponisten Eleni Karaindrous musikk skriven til det greske dramaet «Medea» av Evripides, første gong framført på scena i år 431 før Kristus, snakkar vi historie. Utgitt på ECM er den nye musikken til Karaindrou bokført som jazz, med liten risiko for at opphavsmenn og kvinner i vogga åt sivilisasjonen snur seg der dei er. Det førre albumet til Karaindrou var «Trojan Women», ho har skrive musikk for film, teater og anna sidan 1975, inkludert den store regissøren Theo Angelopoulos, Margarethe von Trotta og andre og ho har samarbeida med Harold Pinter når stoffet hans har vore på gresk dagsorden. Musikk og tekstar blir på dette albumet framført med eit mindre ensemble, men med eit mektig kor, og komponisten syng sjølv to små tekstar, «Media's Element» I og II.

«Medea» er i gresk mytologi om ei kvinne og kongsdotter som forelskar seg i helten Jason, og det er duka for drama med både over og underjordiske, og det har inspirert flust med biletkunstnarar. Tekstane står også på engelsk, og eia var vi der på ein storslått sceneversjon, med musikarar på lutt og lyre, cello og diverse, og stor korsong.



Large Unit første slag

Paal Nilssen-Love Large Unit er elleve musikarar frå den yngre garde i Norge (med svensk supertrombonist Mats Åleklint), som etter to dagars sprengøving i kunstnarhuset til Eldbjørg Raknes i Sjøbygda, debuterte under Molde Jazzfestival i fjor. Sist veke turnerte dei Norge i sør med fem konsertar, inkludert ein forrykande ein som denne medarbeidar opplevde på Nasjonal Jazzscene, med plata «First Blow» (PNL Records) i bagasjen. Førebels «berre» med to lengre spor, men med opptak frå alle konsertane no, kjem det også ei ny og større, med eit band som ikkje er einestående i sitt slag, men som samstundes med det svenske gigantbandet Fire Orchestra er eit framifrå døme på kva felles satsing på «fri» (men ikkje uskriven) jazz i større format kan by på.

På «First Blow» opna med eit brak på det lengste sporet «Culius», med framhald på «Motfølge», og du kan til sommaren høyre dei live på Kongsberg Jazzfestival og Blow Out i Oslo.



Kühn og Shepp voodoo

Frå vårt stadig rikhaldige lager kjem Joachim Kühn Trio: «Voodoo Sense» (ACT/Musikkoperatørene), der snart sytti år gamle pianist og nestor i tysk jazz møter marokkansk vokalist og instrumentalist Majid Bekkas. Med Ramon Mopez på trommer og ei rik gjesteliste toppa av Archie Shepp, som Kühn møtte først gong i 1967 på Village Vanguard i New York. Fest setebelta.

ROALD HELGHEIM

